



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Regionalt miljøtilskot for jordbruket i Møre og Romsdal 2026

RETTLEIAR 2026



INNHALD

OM REGIONALT MILJØPROGRAM	3
Regionale miljøtilskot.....	3
Oversikt over endringar for 2026.....	3
KORLEIS SØKE	4
Før du søker.....	4
Søk elektronisk	4
VERDT Å VITE.....	5
Kven kan søke?	5
Gjere endringar i søknaden.....	5
Når får eg svar på søknaden og utbetalt tilskotet?	5
MILJØTEMA 1 – KULTURLANDSKAP	6
Skjøtsel av bratt areal (§ 4)	6
Drift av beitelag (§ 5)	7
Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap (§ 6).....	7
MILJØTEMA 2 – BIOLOGISK MANGFOLD	10
Slått av slåttemark (§ 7).....	10
Skjøtsel av kystlynghei (§ 8)	11
Tilrettelegging av fuglebiotopar (§ 9).....	12
MILJØTEMA 3 – KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	13
Drift av seter med mjølkeproduksjon (§ 10)	13
Skjøtsel av gravminne (§ 11).....	14
MILJØTEMA 4 – AVRENNING TIL VATN	15
Ingen jordarbeiding om hausten (§ 12)	15
Grasdekt kantsone i åker (§ 13)	15
Vedlikehald av fangdammar (§ 14)	17
MILJØTEMA 5 – UTSLEPP TIL LUFT	18
Spreiing våren eller i vekstsesongen (§ 15)	18
Bruk av nedleggingsutstyr (§ 16).....	19
Bruk av eller nedfellingsutstyr (§ 17)	19
Bruk av tilførselsslangar (§ 18)	20
OVERSIKT OVER TILTAK OG FORELØPIGE SATSAR.....	21

OM REGIONALT MILJØPROGRAM

Formålet med programmet er å gi ein regionalt tilpassa og målretta innsats for at jordbruksdrifta skal vere meir miljøretta i Møre og Romsdal. Den er fastsett av Statsforvaltaren i samråd med Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget.

Programmet skal stimulere til følgande mål:

- oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap
- særskilte verdier i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast
- god agronomi skal fremjast
- ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast

Det er oppretta eit miljøprogram for perioden 2023-2026.

Regionale miljøtilskot

Tilskotet skal stimulere til miljøvennlege driftsformer og produksjon av miljøgode for samfunnet. Dei regionale miljøtilskota er hovudvirkemidla i miljøprogrammet for å nå måla. Det er ei årleg driftsstøtte til føretak med landbruksproduksjon som oppfyller visse vilkår.

Alle tiltak det kan gjevast tilskot til er henta frå ein nasjonal meny fastsett av Landbruksdirektoratet. Dei regionale miljøtilskota i vår region blir regulert av «Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Møre og Romsdal»

Oversikt over endringar for 2026

§ 7 Slått av slåttemark § 8 Skjøtsel av kystlynghei	Endra ordlyden for kategori verdi A eller B til stor eller svært stor verdi i miljødatabasen Naturbase.
§ 10 Drift av seter med mjølkeproduksjon	Det er ikkje krav om lokalforedlingskvote, men føretaket må kunne dokumentere at produksjonen oppfyller vilkåret.
§ 19 Klimarådgjeving	Er teke ut av ordninga. Dette har vorte ei eiga tilskotsordning.

KORLEIS SØKE

Før du søker

- Husk å sjekke at tilgang til Altinn fungerer i god tid før fristen.
- Det viktig at du sett deg inn i vilkåra for ordninga.
- [Les meir om ordninga på Statsforvalteren si heimeside.](#)
- Dersom du har spørsmål eller ynskjer rettleiing i samband med søknaden, kan du kontakte kommunen i god tid før søknadsfristen.

Søk elektronisk

- Søknadsskjema er tilgjengeleg frå 15. september.
- Husk å bruk organisasjonsnummer for hovedenheten.

[Video om korleis søke regionale miljøtilskot elektronisk](#)

[Elektronisk søknadsskjema for regionale miljøtilskot \(RMP\)](#)

[Elektronisk søknadsskjema for drift av beitelag \(OBB\)](#)

- Det vil vere mogleg å importere kartopplysningar frå søknaden i fjor.
- Pass på å trykke på knappen «Send» når søknaden er ferdig utfylt. Sjekk at du får kvittering i Altinn for at søknaden er sendt.

Søkarar som av ulike grunnar ikkje kan levere søknaden elektronisk, kan levere papirsøknad til kommunen, men beitelaga (OBB) må søke elektronisk.

RMP
Søknadsfrist
15. oktober

OBB
Søknadsfrist
15. november

 **Søk i god tid, det er alltid noko som kan skjere seg siste dagen.**

VERDT Å VITE

Dersom du leverer søknaden etter fristen, vert tilskotet redusert med kr 1 000 per dag etter fristen. Søknader som er levert seinare enn 14 dagar etter fristen vil bli avvist.

Kven kan søke?

Alle som har rett til produksjonstilskot kan også søke om regionalt miljøtilskot.

Det er den som disponerer areala eller dyra i søknadsåret som har rett på tilskotet. Tilskotet vert utbetalt til det føretaket eller beitelaget som har søkt.

Gjere endringar i søknaden

Søkarar som har levert søknaden innan fristen 15. oktober kan endre søknadsopplysningane inntil 14 dagar etter søknadsfristen, utan at utbetalinga blir redusert med 1 000 kroner per dag. Søkarer må sende inn den gjenopna søknaden på nytt for å ha ein gyldig innsend søknad.

Dette gjeld ikkje søknad om tilskot etter Drift av beitelag (OBB).

Når får eg svar på søknaden og utbetalt tilskotet?

Svar på søknaden får du i form av ei vedtaksbrev som viser kva du har fått tilskot til. Brevet kjem litt før eller samtidleg med utbetalinga frå Landbruksdirektoratet i mars 2025.

Pass på at opplysningane i søknaden er rett!

Kommunen, Statsforvaltaren eller Landbruksdirektoratet kan kontrollere opplysningane du har gitt i RMP-søknaden. Ver førebudd på at du kan bli kontakta og bedt om å dokumentere opplysningar i søknaden nærare. Kommunen er pålagt å kontrollere minst 5 prosent av søknadane ved kvar søknadsomgang.

Feil opplysningar i søknaden, brot på vilkår eller regionale miljøkrav kan føre til avkorting av tilskotet.

MILJØTEMA 1 – KULTURLANDSKAP

Ei av hovedutfordringane i regionen er å hindre gjengroing av jordbruksareal og bevare og gjenskape viktige element i kulturlandskapet som er i ferd med å forsvinne på grunn av manglande beiting, opphør av slått og nedlagde setrar. Hovedmålet er å motvirke og om mulig snu denne utviklinga, slik at beitearealet aukar og jordbruksareala vert oppretthelde.

Skjøtsel av bratt areal (§ 4)

Tilskotet skal stimulere til drift av bratte areal slik at areala blir haldne i hevd og ivaretek eit ope kulturlandskap.

Vilkår

- Areal skal vere i aktiv drift.
- Areal skal slåttast eller beitast.
- Beiting eller beitepussing åleine gir ikkje tilskot.

Reglar for tilskotet

- Gjeld fulldyrka eller overflatedyrka jord
- Ved beiting må dette kombinerast med beitepussing.
- Det blir ikkje gjeve tilskot til både slått (tiltaksklasse 1) og beiting (tiltaksklasse 2) av dei same areala.
- Tilskotet utmåles per dekar

Tiltak og satsar

Tiltaksklasse	Driftstype	Helling	Førebelse satsar
1	Slått	1:5	kr 400 per dekar
1	Slått	1:3	kr 400 per dekar
2	Beiting i kombinasjon med beitepussing	1:5	kr 400 per dekar
2	Beiting i kombinasjon med beitepussing	1:3	kr 400 per dekar

Drift av beitelag (§ 5)

Formålet er å stimulere til samarbeid om beiting med sikte på god utnytting av beiteressursar i utmark, og effektivt tilsyn med minst mogleg tap av dyr.

Vilkår

- Laga må vere registrert i Einingsregisteret.
- Beitelaga må ha minst 2 medlemmer, og årleg rapportere om drifta få laga.
- Felles beitebruk i minimum 5 veker i sommarhalvåret.

Reglar for tilskotet

- Beitelag som utnyttar utmarksbeite gjennom organisering av tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområda, kan søke om tilskot til sankar dyr.
- Tilskotet blir utmålt pr. dyr sleppt på utmarksbeite.

Tiltak og satsar

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Storfe/hest	kr 25 per dyr
Småfe	kr 20 per dyr

Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap (§ 6)

Formålet er å stimulere til vidare drift i område med særskilt verdifullt kulturlandskap.

Vilkår

- Areala må vere innanfor dei 12 områda som har denne statusen.
- Areala skal vere i aktiv drift og bli slått.

Reglar for tilskotet

- Gjeld fulldyrka eller overflatedyrka jord
- Tilskotet utmåles per dekar

Områdeoversikt

Kommune	Område som får tilskot
Sunndal	Grøvvassdraget; alt areal i nedslagsfeltet til Grøvu frå og med Børstølen og oppover.
Molde	a) Eikesdalen; alt areal frå og med gardane Vike og Hoem og oppover b) Areala på Bugge; frå og med Breivika til og med Bleineset c) Tautra.
Rauma	Romsdalen; alt areal frå Trollveggen til Oppland grense
Fjord	a) Alt areal i nedslagsfeltet til Dyrkornvassdraget og Stordalsvassdraget ovanfor Vad bru (Nøredalen) b) Alle bygdene på sørsida av fjorden frå og med Tafjorden til og med Indreeide.
Stranda	Heile Geirangerbygda og alle fjordvendte gardar på begge sider av fjorden frå og med Ljøen til og med Liene, vidare på nordsida av fjorden frå og med Ansok til grensa mot Fjord kommune.
Ørsta	Norangsfjorden og Norangsdalen
Sykkylven	Runde, Nerlandsøya og Skorpa
Giske	Området ved Alnes fyr
Hustadvika	Buaværet og alt areal nord for Nasjonal Turistveg frå Bergset og austover samt bygdene Vevang og Årsbogen.
Averøy	Øyane langs Atlanterhavsvegen samt eksisterande jordbruksareal i områda nordaust for Atlanterhavsvegen, til og med Storesandøy, Hasseløyseter og området rundt Vågavatnet. Deretter går avgrensinga sørover til Rangøyvegen og følgjer denne til krysset med fylkesveg 64 (Kårvågvegen). Mot sør vert området avgrensa av Kårvågvegen mellom krysset med Rangøyvegen og krysset med Atlanterhavsvegen, vidare av Tøvikvegen (kommuneveg 6072) så langt vest som til og med Grovaneset.
Smøla	Sørsmøla; alle gardane frå og med gnr. 14 Kuløy til og med gnr. 42 Skarpnes. Tiltaket omfattar ikkje dei nydyrka myrane på Holmsvassmyra, Røkmyra og Jøstølmyra
Ålesund	a) Heile Ulla, unnateke fjellet. b) Frå «bruvegen» på Flem og heile nordsida av Flemsøy/Skuløy til og med nordlegaste garden på Nogva.

[Her finn du godkjende område markert i kartet.](#)

Tiltak og satsar

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Slått av verdifulle jordbrukslandskap	kr 125 per dekar

MILJØTEMA 2 – BIOLOGISK MANGFOLD

Formålet med tiltaka er å ivareta utvalde og trua naturtypar og biologisk verdifulle areal i jordbruket. Tilskotet kan også virke positivt på landskapsoppleving og synlegging av kulturminne og restar av tradisjonelle driftsformer.

Slått av slåttemark (§ 7)

Formålet er å stimulere til skjøtsel av verdifulle, artsrike slåttemarker, for å oppretthalde biologisk mangfald og andre kvalitetar.

Vilkår

- Det er stilt krav om at området skal være registrert som utvald naturtype med kategori stor eller svært stor verdi i miljødatabasen Naturbase.
- Slåttemarkene skal ikkje jordarbeids, gjødslast eller blir sprøytet med plantevernmiddel.
- Arbeidet må gjerast i tråd med skjøtelsråd gitt av Statsforvaltaren si miljøvernavdeling.

Reglar for tilskotet

- Tilskotet kan berre givast det året som tiltaket blir gjennomført.
- Tilskotet utmåles per dekar.

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Slått av slåttemark	kr 1000 per dekar

Skjøtelsråd

1. Arealet må skjøttast som slåttemark
2. Slåtten må skje etter at plantene har sett frø.
3. Arealet må slåast seint, vanlegvis etter 15. juli.
4. Høyet må bakke- eller hesjetørkast.
5. Høyet må fjernast etter tørk.
6. Arealet må slåast med lette reiskap som ljà eller tohjuls slåmaskin.
7. Arealet må ikkje bearbeidast i form av pløying, såing, gjødsling eller sprøyting.
8. Arealet kan i tillegg bli haustbeita med lågt beitetrykk
9. Framande artar bør fjernas

[Les meir i publikasjonen: Slåttemark, veileder for restaurering og skjøtsel \(NIBIO,2018\)](#)

Annen info

Tiltaket kan kombinerast med tilskotet «Tilskudd til tiltak for å ivareta natur» frå Miljødirektoratet.

Skjøtsel av kystlynghei (§ 8)

Formålet er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei gjennom beiting.

Vilkår

- Det er stilt krav om at området skal være registrert som utvald naturtype med kategori stor eller svært stor verdi i miljødatabasen Naturbase.
- Skjøtselen må vere i tråd med skjøtselsråd gitt av Statsforaltaren si miljøvernavdeling.
- Det må vere minimum 10 dekar kystlynghei per småfe over 1 år.

Reglar for tilskotet

- Tilskotet utmåles per dyr (småfe).

Les meir i publikasjonen: [Beiting i kystlynghei \(Miljødirektoratet\)](#)

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Beiting av kystlynghei	kr 150 per dyr *

* Tilskotet er avgrensa til kr 50 000 per føretak.

Tilrettelegging av fuglebiotopar (§ 9)

Formålet er å bidra til bevaring av trua fugleartar. Fugleartar som hekkar i jordbruksareal står i fare for å bli utrydda. Tidleg slått kan øydelegge reir, fuglar og ungar. Åkerrikse, vipe, storspove og grashoppesangar er aktuelle artar for ordninga.

Vilkår

- Tiltaket må være godkjent av Statsforvaltaren si miljøvernavdeling.

Reglar for tilskotet

- Tidlegaste slåttedato for slikt areal er sett til 1. august.
- Avtale og kart med Statsforvaltaren må leggest med i søknaden.
- Tilskotet utmåles per dekar.

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Tilrettelegging av hekke- og beiteområder for fugl	kr 4000 per dekar *

* Tilskotet er avgrensa til kr 20 000 per føretak.

[Les meir i publikasjonen: Fugler i jordbrukslandskapet \(Birdlife Norge\)](#)

MILJØTEMA 3 – KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Formålet med tiltaka er å halde synlige spor i landskapet etter tidlegare jordbruksdrift og busetting opne.

Drift av seter med mjølkeproduksjon (§ 10)

Det kan givast tilskot til drift av seteranlegg med mjølkeproduksjon. Som seter blir rekna i denne samanhengen ein produksjonsstad for mjølk med husvære for folk og bufe, som berre er eigna for bruk i sommarsesongen og som nyttar eit anna ressursgrunnlag enn areala i nærleik til garden. Tiltaksklassar er inndelte i talet på veker med setring, og om mjølk blir leverte til meieri, eller blir foredla sjølv.

Vilkår

- Produksjonen skal vare minst 4 veker per sesong.
- Det må produserast minimum 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk pr. døgn.
- Produksjonen må vere godkjent av Mattilsynet.

Reglar for tilskotet

- Tilskot blir utmålt per sete, uavhengig om det er enkelt- eller fellesseter, og blir fordelt på talet på føretak som har dyr på setra.
- Når fleire samarbeider om seterdrifta, skal tilskotet delast på deltakarane i fellessetra. Alle må føre opp same tal deltakarar i søknaden. Tilskotet blir fordelt på kvar deltakar. Samdrift vert rekna som eit føretak.
- Det er ikkje krav om lokalforedlingskovte, men føretaket må kunne dokumentere at produksjonen oppfyller vilkåret.

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Levering til meieri, 4-6 veker	kr 120 000 per seter
Levering til meieri, 6 veker eller meir	kr 140 000 per seter
Egen foredling, 4-6 veker	kr 120 000 per seter
Egen foredling, 6 veker eller meir	kr 140 000 per seter

Skjøtsel av gravminne (§ 11)

Formålet er å synleggjere automatisk freda gravminne som viktig ressurs for identitet, kunnskap og oppleving.

Vilkår

- Gravminna må vere registrert i «Askeladden», Økonomisk kartverk eller fylkeskommunen sitt arkeologiske arkiv.
- Gravminna må vere synlege på overflata og ligge på eller inntil jordbruksareal.

Reglar for tilskotet

- Gravminna må skjøttast ved slått eller beiting, og kan ikkje vere sterkt skada eller øydelagde.
- Skjøtselen skal sørge for at gravminnet er synleg og ser stelt ut.
- Det kan gjevast tilskot til inntil 20 gravminne per føretak.
- Tilskotet blir fastsett per stykk.

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Skjøtsel av automatisk fredete kulturminner	kr 1000 per gravminne *

* Tilskotet er avgrensa til kr 20 000 per føretak.

MILJØTEMA 4 – AVRENNING TIL VATN

Formålet med tilskotet er å begrense erosjon og avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmidlar frå jordbruksareal. Det er eit mål å bevare jorda på jordet og bidra til god tilstand i vassdraga.

Ingen jordarbeiding om hausten (§ 12)

Denne ordninga gjeld berre for areal der det blir dyrka korn, olje- og belgvekstar, frøeng siste haustingsår, grøngjødsling og grønførvekstar. Vilåret er at arealet ikkje blir jordarbeidd om hausten.

Vilkår

- Gjeld areal med korn, oljevekstar, belgvekstar, frøeng siste haustingsår, grøngjødsling og grønførvekstar.
- Arealet skal ikkje jordarbeidast før 1. mars etter søknadsåret.
- Halmen på dessa areala skal ikkje brennast.
- Gjeld erosjonsutsette areal i nedslagsfelta til **elvane Surna, Driva og Rauma**.

Reglar for tilskotet

- Tilskotet utmåles per dekar.

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Erosjonsklasse 1-4	kr 400 per daa
Erosjonsklasse 1-4, med dråg	kr 400 per daa

Grasdekt kantsone i åker (§ 13)

Formålet med tilskotet er å stimulere til at det blir etablert kantsoner mellom åkerareal og vassdrag som er grasdekt, for å redusere erosjon og avrenning frå åkerarealet.

Vilkår


- Tilskotet gjeld areal der det blir dyrka korn, potet eller grønsaker.
- Gjeld erosjonsutsette areal i nedslagsfelta til **elvane Surna, Driva og Rauma**.
- Gjeld erosjonsutsette areal i Smøla kommune.
- Sona må ha ei breidde på minimum 8 meter rekna frå vassdraget ved normalstand, der minst 6 meter må ligge på fulldyrka areal.

Rettleiar 2026, Regionalt miljøtilskot i Møre og Romsdal

- Jordarbeiding og såing skal skje mellom 1. mars og 1. juli.


Reglar for tilskotet

- Arealet må ha helling mot gjeldande vassdrag.
- Kantsona skal plasseres slik at ho fungerer som ei effektiv buffersone for å redusere avrenning frå åkerarealet til vassdraget. Dette inneber at kantsona må liggje mellom åker og vassdrag på ein måte som gjer at avrenning naturleg passerer gjennom sonen.
- Start på kantsona kan ikkje vere meir enn 8 meter frå normalvasstand.
- Vekstane må vere godt etablert om hausten i søknadsåret.
- Tilskotet utmåles per meter.



Der det er naturleg kantsone over 8 meter blir det gitt normalt ikkje tilskot til ein ekstra grasdekt kantsone.

Kilde: SF Vestfold/Telemark



Der det er naturleg kantsone over 8 meter blir det gitt normalt ikkje tilskot til ein ekstra grasdekt kantsone.

Kilde: SF Vestfold/Telemark

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Grasdekt kantsone i åker, korn, m.m.	kr 100 per meter

Vedlikehald av fangdammar (§ 14)

Formålet med tilskotet er å stimulere til at fangdammar utgjer ei effektivt rensetiltak og at vegetasjonen i tilknytning til fangdammen blir skjøttet. Effekten av ein fangdam går ned etter kvart som sedimentasjonskammeret blir fylt opp.

Ei fangdam er ei **bygd konstruksjon** som reduserer avrenning av jord og næringsstoff og dermed forureining til vatn og vassdrag.

Vilkår

- Det kan givast tilskot til fangdam på eller i tilknytning til jordbruksareal.
- Fangdammen skal ha tilfredsstillande reinseeffekt slik at han fangar opp avrenning av jordpartiklar og næringsstoff og reduserer tilførselen av desse til vatn og vassdrag.
- Dammen blir tømd ved behov, slik at reinseeffekten er tilfredsstillande.

Reglar for tilskotet

- Tilskotet kan løyvast årleg og utmåles per dam.

Skjøtselsråd for tilfredsstillande reinseeffekt

- Med skjøtsel som held oppe reinseeffekten meiner ein til dømes rydding langs kantsona, tiltak som sikrar vanngjennomstrømning og tømming ved behov.
- Effekten av dammen går ned etter kvart som sedimentasjonskammeret blir fylt opp.

[Les meir i publikasjonen: Oppbygging og vedlikehald av fangdammar \(NIBIO\)](#)

Viktig

- Søkar må teikne tiltaket i kartet (dekar) og dette kan medføre at arealet ikkje stemmer. Det er viktig at talet på fangdammar blir oppgitt i søknaden.
- Fagsystemet bereknar tilskotet per dekar.

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Fangdam	kr 5000 per dam

MILJØTEMA 5 – UTSLEPP TIL LUFT

Formålet er å stimulere til gjødslingsmetoder som gir redusert utslipp av ammoniakk og lystgass, i tillegg til å redusere avrenning av næringsstoff til vatn og vassdrag.

Spreiing våren eller i vekstsesongen (§ 15)

Formålet er å redusere utslepp av næringsstoff til luft og redusere avrenning til vatn og vassdrag.

Vilkår

- Tilskot kan gjevast til føretak som spreier **all** husdyrgjødsel og biorest på disponert areal **seinast 10. august**.
- Spreiing av minimum 5 kg total-N pr. daa.
- Arealet skal høstes eller beites etter siste spredning i søknadsåret

Reglar for tilskotet

- Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.
- Tiltaket kan kombinerast på same areal med:
§18 – Bruk av tilførselsslangar.
- Kan ikkje ikkje kombinerast med:
§16 - bruk av nedleggingsutstyr
§17 - bruk av nedfellingsutstyr
- Tilskotet utmåles per dekar.

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Spredning av all husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen	kr 75 per dekar

Bruk av nedleggingsutstyr (§ 16)

Det kan gjevast tilskot for spreing av husdyrgjødsel eller biorest ved nedlegging. Dette for å stimulere til at husdyrgjødsel (blautgjødsel) og biorest blir lagt rett ned på jorda i staden for tradisjonell breispreiing.

Vilkår

- Spreiing av minimum 5 kg total-N pr. daa.
- Arealet skal høstes eller beites etter siste spredning i søknadsåret

Reglar for tilskotet

- Det må vere brukt nedleggingsutstyr på all husdyrgjødsel som er spreidd på det arealet som blir omsøkt.
- Tiltaket kan kombinerast på same areal med:
§18 – Bruk av tilførselsslangar.
- Kan ikkje ikkje kombinerast med:
§15 – Spreiing i vår-/vekstsosong.
- Tilskotet utmåles per dekar.

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Nedlegging av husdyrgjødsel	kr 90 per dekar

Bruk av eller nedfellingsutstyr (§ 17)

Det kan gjevast tilskot for spreing av husdyrgjødsel eller biorest ved ned. Dette for å stimulere til at husdyrgjødsel (blautgjødsel) og biorest blir lagt rett ned på jorda i staden for tradisjonell breispreiing.

Vilkår

- Spreiing av minimum 5 kg total-N pr. daa.
- Arealet skal høstes eller beites etter siste spredning i søknadsåret

Reglar for tilskotet

- Det må vere brukt nedleggingsutstyr på all husdyrgjødsel som er spreidd på det arealet som blir omsøkt.
- Tiltaket kan kombinerast på same areal med:
§18 – Bruk av tilførselsslanger.
- Kan ikkje ikkje kombinerast med:
§15 – Spreiing i vår-/vekstsesong.
- Tilskotet utmåles per dekar.

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Nedfelling av husdyrgjødsel	kr 90 per dekar

Bruk av tilførselsslanger (§ 18)

Tilførselsslanger for å transportere husdyrgjødsel ut på marka bidreg til å redusere køyreskader og jordpakking, og vil såleis vere eit tiltak som kan bidra til å redusere utsleppa av lystgass frå landbruke.

Vilkår

- Ved kontroll må føretaket kunne dokumentere bruk av tilførselsslange.

Reglar for tilskotet

- Det må vere brukt tilførselsslanger på all husdyrgjødsel som er spreidd på det arealet som blir omsøkt.
- Tiltaket kan kombinerast på same areal med:
§15 – Spreiing i vår-/vekstsesong.
§16 - bruk av nedleggingsutstyr
§17 - bruk av nedfellingsutstyr
- Tilskotet utmåles per dekar.

Tiltaksklasse	Førebelse satsar
Spredning av husdyrgjødsel med tilførselsslange	kr 90 per dekar

OVERSIKT OVER TILTAK OG FORELØPIGE SATSAR

MILJØTEMA 1 – KULTURLANDSKAP		
§ 4	Skjøtsel av bratt areal	Helling 1:5 - kr 400 per daa Helling 1:3 - Kr 500 per daa
§ 5	Drift av beitelag	Storfe og hest - kr 25 per dyr Småfe - Kr 20 per dyr
§ 6	Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	kr 125 per daa
MILJØTEMA 2 – BIOLOGISK MANGFOLD		
§ 7	Slått av slåttemark	kr 1 000 per daa
§ 8	Skjøtsel av kystlynghei	Kr 150 per småfe maks kr 50 000 per føretak
§ 8	Tilrettelegging av fuglebiotopar	kr 4000 per daa maks. kr 20 000 per føretak
MILJØTEMA 3 – KULTURMINNE OG KULTURMILJØ		
§ 10	Drift av seter med mjølkeproduksjon og levering til meieri	≥ 4 veker, kr 120 000 per seter ≥ 6 veker, kr 140 000 per seter
§ 10	Drift av seter med mjølkeproduksjon og eiga foredling	≥ 4 veker, kr 120 000 per seter ≥ 6 veker, kr 140 000 per seter
§ 11	Skjøtsel av gravminne	kr 1 000 per gravminne maks. kr 20 000 per føretak
MILJØTEMA 4 – AVRENNING TIL VANN		
§ 12	Ingen jordarbeiding om hausten	kr 400 per daa
§ 13	Grasdekt kantsone i åker	kr 100 per meter
§ 14	Vedlikehald av fangdammar	kr 5 000 per dam
MILJØTEMA 5 – UTSLIPP TIL LUFT		
§ 15	Spreiing i vår-/vekstsosong	kr 75 per daa
§ 16	Nedlegging av husdyrgjødsel	kr 90 per daa
§ 17	Nedfelling av husdyrgjødsel	kr 90 per daa
§ 18	Bruk av tilførselsslantar	kr 90 per daa